



## Smaken av Møre og Romsdal

Salt, surt eller søtt? Fylket vårt har mange smakar – som varierer frå fjord til fjell. På Streif-arrangementa kan du

- kjenne den lokale smaken
- glede deg over kultur og historie
- ha det moro ute i naturen
- kanskje lære noko nytt?

Streif skal vere ei vandring i landskapet der du kan stoppe opp undervegs – smake spennande mat, oppleve lokal kultur eller prøve deg på noko praktisk. Løypene er tilpassa dei fleste og du kan sjølv velje lengd på turen din.

"Mat og kulturlandskap 2005 er et samarbeidsprosjekt i norsk landbruk koordinert av Landbruks- og matdepartementet som støttes av Hundearsmarkeringen-Norge 2005 og Innovasjon Norge."

Streif er ein del av landbruket si unionsmarkering, Mat og kulturlandskap 2005. Gjennom mange arrangement rundt om i heile landet ønskjer vi å vise at landbruket forvaltar kulturlandskapet og utviklar matkulturen vår. Kulturlandskapet produserer mat – og mat produserer kulturlandskap.

Skulane er ein viktig samarbeidspartner i denne markeringa. I haust vil mange ungdomsskular i Møre og Romsdal arbeide med tema knytt til "kortreist mat" – mat som er produsert lokalt. Målet er at elevane skal få større glede ved å lage mat og lære om verdien av lokal mat og lokale mattradisjonar. Vi inviterer spesielt skuleelevar til å vere med på Streif!

Vi du vite meir, sjå:  
[www.mrfylke.no/2005](http://www.mrfylke.no/2005)  
[www.lmd.dep.no/2005](http://www.lmd.dep.no/2005)



### ARRANGØRAR:

- Averøy kommune
- Vestnes kommune
- Sykkylven kommune



## STREIF

# Folkefestar med mat og kulturlandskap

Averøy 5. juni  
Vestnes 12. juni  
Sykkylven 3. juli  
Ålesund 28. august





## Matfestival-Streif på Sunnmøre museum, Ålesund

SØNDAG 28. AUGUST  
KL 12 - 16



Streifet på Sunnmøre museum vil vere ein aktivitetsdag der publikum får oppleve kvardagsliv og mattradisjonar i 1905.

- Vandring ved museumsområdet
- Mange aktivitetar for dei minste: Museumslaget og Borgund Dyrekubb arrangerer aktivitetsløype. Riding, eventyrlesing, roing m.m
- Matlaging anno 1905 med Møre og Romsdal Bygdekvinnelag
- Demonstrasjon ved Kokkenes mesterlaug Møre og Romsdal
- Sal av lokal mat
- Husflidsaktivitetar
- Teater

Arrangør: Den norske Matfestivalen og Sunnmøre Museum

### REISE/PARKERING:

Køy innfartsvegen mot Ålesund Sentrum og ta av ved Nørvasundet. Parkering ved Museet eller ved Høgskulen i Ålesund. God tilkomst for rullestolbruksarar.



## Kyst-Streif på Bremsnes, Averøya

SØNDAG 5. JUNI  
KL 11 - 17



På Averøya får du vandre i fiskarbonden sine fotefar, smake småsei og oppleve ny og gammal kystkultur.

- Gudsteneste i Bremsnes kirke kl 11.00
- Vandring frå Bremsneset til Gjengsta
- Alternativ vandring/ekstra tur:  
Bli kjend med steinalderkulturen ved Bremsneshatten
- Sal av lokal mat
- Kokkenes mesterlaug Møre og Romsdal demonstrerer og serverer smakebitar
- Aktivitetar: Setjing av landnot, klippfisktørking, ljåslått, torvtaking m.m.
- Gamle husdyrrasar

### REISE/PARKERING:

Ferje frå Kristiansund kl. 10.10 og kl. 10.50 (treng ikkje ta med bil)  
Parkering ved ferjekaia på Bremsnes eller ved Bremsnes skole

## Fjord-Streif i Tresfjorden, Vestnes

SØNDAG 12. JUNI  
KL 11 - 17



Opplev fjordbonden sitt landskap og kultur i gammal og ny drakt.

- Gudsteneste i Tresfjord kyrkje kl. 1100. Kåseri og flaggseremoni
- Eit levande Tresfjord Museum og gatevandring i Syltebakken
- Open gard med husdyr og barneriding
- Kokkelauget serverer smakebitar frå heile fylket
- Bondens Marked - sal av lokal mat
- Moderne kufjøs: Opplev kontrasten mellom gamle og nye driftsformer i jordbruket: Robotmjølking, grasberging, maskinutstilling
- Fjordtur med dampskipet Thorolf (50 kr), skyss med veteranbuss
- Musikk og drama

### REISE/PARKERING:


Hurtigbåt frå Molde til Tresfjord via Helland og Vikebukt kl 10.00, 11.40 og 14.30. Retur kl 10.15, 12.30, 13.30 og 15.15 (kr 50 pr vaksen). Buss frå Tresfjord til Helland 16.30.

Parkering ved Tresfjord Stadion



## Fjell-Streif i Sunndalen og Drotninghaugstølen i Sykkylven

SØNDAG 3. JULI  
KL. 10 – 18



I Sykkylven står tradisjonell og moderne seterdrift i sentrum: Her kan du smake seterkost, klappe kyr, studere kulturminne eller ta deg ein real fjelltur om du vil. Det vil bli aktivitetar på begge stølane.

- Overnatting frå laurdag til søndag på stølsvollen
- Hesteferd over fjellet
- Friluftsgudsteneste med hauk, luring, lokk, felespel og dans
- Smaksopplevingar ved Kokkenes Mesterlaug Møre og Romsdal, Kjøttbransjens elitelag, sal av mat frå små og store produsentar
- Guida turar, fjøsstell, barneriding, grindbygging. Reiskapsutstilling
- Kuskibingo

### REISE/PARKERING:

Vegen til Sunndalen vert skilta frå Sykkylven sentrum. Parkering ved stølen. Drotninghaugstølen ligg ved skitrekket på Fjellsetra. Parkering ved skitrekket. Det vert også sett opp busstransport. Meir info: [www.auresamdrift.no](http://www.auresamdrift.no)